




Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Dovre/Rondane jervregion. Årsmelding 1990
frå eit forvaltningssamarbeid mellom
fylkesmennene i Sør-Trøndelag,
Møre og Romsdal og Oppland.

Rapport nr. 1 – 1991




Johnny Loen

Miljøvern avdelingen

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Statens Hus
7005 Trondheim
Tlf. (07) 94 90 11 Telefax (07) 94 93 50

Rapport

Nr. 1-1991

TITTEL Dovre/Rondane jervregion. Årsmelding 1990 frå eit forvaltningssamarbeid mellom fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Oppland.	DATO des. 1990
SAKSBEHANDLER/FORFATTER Johnny Loen	ANTALL SIDER 21
AVDELING/ENHET Miljøvernavd., viltseksjonen	ANSV.SIGN. 
EKSTRAKT Det er rapportert 109 kadaver av sau gjennom eit lokalt kontaktnett. 64 av desse var sikkert eller sannsynleg drepne av jerv. Sunndal hadde ei markert auking i talet samanlikna med tidlegare år. Resten av regionen hadde ein nedgang. Bestanden av jerv i regionen reknast for å vere omlag 20 dyr vinterstid. Bestandsstorleiken ser ikkje ut til å ha endra seg siste 10 år.	

3 STIKKORD PÅ NORSK

3 KEYWORDS IN ENGLISH

jerv og sau	wolverine and sheep
forvaltningssamarbeid	management
Dovre/Rondane jervregion	central Norway

ISBN 82-7540-017-1

FORORD

Med denne rapporten legg vi fram årsmeldinga frå eit samarbeidsprosjekt som involverer mange partar. Viltforvaltarane og koordinator representerer fylkesmennene i dei tre involverte fylka. Vidare er viltneemndene i 9 kommunar involverte, saman med prosjektet sine rovviltkontaktar i dei same kommunane. Sauueigarane og deira organisasjonar er den siste parten. Vi vil nytte høvet til å takke for samarbeidet i året som er gått, og vil håpe at det blir enda betre i åra som kjem.

Norsk institutt for naturforskning har gjennom forskning og regelbundne bestandsundersøkingar medverka til auka biologisk kjennskap om jerven. Også dei takkast for samarbeidet.

I høve til 1989 utgjorde utvida tilsyn i to tradisjonelle problemområde eit nytt element. Dette vart finansiert av Direktoratet for naturforvaltning, og koordinert frå landbrukskontora i Lesja og Oppdal. Resultata frå dette prosjektet er integrerte i rapporten, og ein takk rettast difor også til dei som var involverte her.

Ei rovviltforvaltning basert på stammeretta og biologisk funderte tiltak må vere vegen å gå i framtida. Dette er og klargjort i landsplana for forvaltning av store rovdyr. Mange av dei erfaringane som er gjort gjennom dette prosjektet kan difor få nytteverdi for andre.

Herlaug Dørum
fylkemiljøvernsjef

Endre Persen
viltforvaltar

INNHALD

SAMANDRAG.....	7
1 INNLEIING.....	8
2 KONTAKTNETT, KOMPETANSE OG INFORMASJON.....	9
2.1 Organisering.....	9
2.2 Fagleg forsvarleg dokumentasjon.....	9
2.3 Tilsynsprosjektet i 1990.....	10
2.4 Informasjon.....	10
3 KADAVERUNDERSØKINGANE.....	11
3.1 Metode.....	11
3.2 Materiale.....	12
3.3 Resultat og diskusjon.....	12
3.4 Evaluering av sesongen.....	14
4 BESTANDSREGISTRERINGAR.....	15
4.1 NINA sin aktivitet.....	15
4.2 Observasjoner gjennom kontaktnettet.....	15
4.3 Diskusjon.....	15
4.4 Fellingsløyve.....	17
5 LITTERATUR.....	18

VEDLEGG

1. Oversyn over kadaverfunn i Dovre/Rondane jervregion 1990.
2. Liste over jervmeldingar frå Dovre/Rondane jervregion.
3. Kontaktnettet.

SAMANDRAG

Rapporten er ei årsmelding for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Møre og Romsdal, Oppland og Sør-Trøndelag, om stammeretta forvaltning av jerv i Dovre/Rondane jervregion. Problemstillinga er todelt:

- bestandsdokumentasjon
- konfliktdokumentasjon

Gjennom eitt lokalt kontaktnett vart samla inn meldingar om tilsaman 109 sauekadaver i regionen. Av desse var 55 frå Sunndal kommune, 37 frå Lesja. Tilsaman 64 kadaver vart dokumentert sikkert eller sannsynleg drept av jerv. I Sunndal var talet på jervdrept sau adskillig høgare enn tidlegare år, i resten av regionen var det lågare.

Ein del kadaver har fått status uoppklara. Tilsaman 86 kadaver vart rapportert med mistanke om jervskade. Desse er nytta i bestandsdokumentasjonen i tillegg til 18 meldingar om spor og sporteikn. Norsk institutt for naturforskning (NINA) fekk, grunna dårleg ver, ikkje utført sporingar i 1990, men gjorde undersøkingar ved hilokalitetane. Kulla var i snitt noko mindre enn i 1989. Det er ingen grunn til å anta at bestanden har endra seg dei siste år, og totalbestanden for regionen vert framleis rekna til omlag 20 individ.

I Oppdal og Lesja vart gjennomført eit tilsynsprosjekt i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Dette kan ha hatt noko å seie for frekvensen av kadaverfunn og for skadefrekvensen.

1 INNLEIING

I 1984 vart "Rovviltprosjektet" i regi av Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk avslutta. Dette prosjektet gjorde opp status over det ein visste om dei fire store rovviltartane i Noreg, og presenterte ein mal for korleis data som desse skulle samlast inn, lagrast og nyttast (Sørensen et al. 1984). Frå og med 1987 blei ansvaret for dette arbeidet lagt til fylkesmennene.

Både gjennom eige lovverk (viltlova) og gjennom internasjonale konvensjonar (Bernkonvensjonen) har Noreg plikta å ta vare på levedyktige bestandar av alle sine naturleg forekomande viltartar. Eit utval samansett av medlem frå Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet og Direktoratet for naturforvaltning har ut frå desse føresetnadene laga ei landsplan for forvaltning av store rovdyr (Vaag 1987). Eitt område i Dovre/Rondane er her definert for å sikre den sør-norske jervstamma.

Snøhettaområdet reknast som kjerneområde for den sør-norske jervbestanden. Etter grundige undersøkingar i 1989 vart funne fire hi-lokalitetar, tre av desse var aktive (Landa og Skogland 1989). Det er ikkje påvist yngling av jerv andre stader sør for Nord-Trøndelag. Snøhettastammen er såleis å sjå på som ein øypopulasjon, og sjansen for innvandring av individ frå andre populasjonar er små. Dovre/Rondane jervregion femner kjerneområdet i Snøhetta samt perifere område i tre fylke (sjå figurane 1 og 2):

Oppland, delregion 1: Dovre og Lesja
Møre og Romsdal, delregion 2: Rauma, Nesset og Sunndal
delregion 3: Surnadal og Rindal
Sør-Trøndelag, delregion 4: Oppdal og Rennebu

Fylkesmennene i dei tre fylka har lagt opp til eit samarbeid om jervforvaltninga i Dovre/Rondane. Dette er også samsvarande med landsplana, og overordna målsetjing er å sikre ein levedyktig bestand i regionen, samt å redusere konfliktane i høve til bufenæringa. Det er tilsett ein koordinator i engasjement for å samordne dette, med arbeidsstad hjå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernavingdelinga.

Prosjektet sine målsetjingar er altså stammeretta forvaltning gjennom

- samordna betandsregistreringar
- samordna tilbod om hjelp til skadedokumentasjon
- samordna krav til dokumentasjon
- samordna dokumentasjonspraksis
- effektiv sakshandsaming
- informasjon

Denne rapporten framstiller resultata frå 1990, både med omsyn på bestandsvurderingar og konfliktsituasjon.

2 KONTAKTNETT, KOMPETANSE OG INFORMASJON

2.1 ORGANISERING

Prosjektet har oppretta eit nett av lokale kontaktar. Kontaktnettet si oppgåve er å registrere, kontrollere og føre på skjema observasjonar av rovvilt i sin kommune. I praksis har mykje av arbeidet dreid seg om dokumentasjon av skade på bufe. Data vert fortløpande send til koordinator som har ansvaret for kommunikasjon mellom lokalkontaktar og viltforvaltninga. Koordinator er og ansvarlig for årsrapportering.

Forutan koordinator er det to nivå i kontaktnettet. Fire hovudkontaktar styrer kvart sitt delområde. Det vert gjeve tilsagn om ramme for utgifter innan kvart delområde. Hovudkontakten disponerer desse midlane og attesterer utgiftene til lokalkontaktane. Rekningar frå hovudkontakten må attesterast av leiar i viltnemnda. Kommunekassa i hovudkontaktane sine heimkommunar har teke på seg ansvaret for bokføring og revisjon av rekneskapa, men hovudkontakten pliktar å føre oversynsrekneskap, som skal vere ope for innsyn. For å stette krava til habilitet er ingen av hovudkontaktane saueeigarar.

Lokalkontaktane gjer det meste av arbeidet i felt. Dei rykkjer ut etter melding frå hovudkontakt, eller direkte frå primærkjelde. Som nemnt utgjer skadedokumentasjon det meste av arbeidet. Det er truleg i den samanheng at kontaktnettet er mest interessant lokalt, og ein konsekvens av dette er at fleire av lokalkontaktene er saueeigarar sjølve. På evalueringsmøte etter 1989-sesongen vart det gjeve uttrykk om at ein frå sauehald såg dette som noko uheldig, men det kan vere vanskeleg å finne andre personar med god nok motivasjon til å utføre arbeidet.

Kontaktpersonane er lista opp i vedlegg 3.

2.2 FAGLEG FORSVARLEG DOKUMENTASJON

Ei skildring av sjølve metodikken finn ein i kapittel 3.1.

I "Forskrift for erstatning for skade på husdyr, tamrein og fjærkre voldt av kongeørn, havørn, ulv, jerv og bjørn" av 9 febr. 1977 heiter det i punkt IV m.a.(sitat):

Når det ved funn eller på annen måte ansees godtgjort at skaden er voldt av kongeørn, havørn, ulv, jerv eller bjørn skal erstatning til skadelidte for sau, geit eller tamrein beregnes etter satser som fastsettes av Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk. (sitat slutt).

Vidare heiter det i punkt V, same forskrifter (sitat):

Når husdyr, tamrein og fjærkre sannsynliggjøres tapt i tilknytning til skade voldt av..(nemnde artar)..uten at erstatningstilfellet kan godtgjøres slik som i pkt. IV, kan skadelidte, hvor forholdene tilsier det likevel tilståes erstatning etter satsene i nevnte punkt (sitat slutt).

I punkt III set forskriftene og krav til ein rimeleg grad av førebyggjande tiltak for å minske skadane (sitat):

Vilkåret for erstatning er at skadelidte har gjort det som med rimelighet kan gjøres for å avverge eller redusere skaden hensatt til de verdier som står på spill og til den foreliggende risiko (sitat slutt).

Sauenæringa og forvaltninga har samanfallande interesser i det at erstatning vert gjeve i dei tilfelle det er rettmessig kravd. Fagleg haldbar dokumentasjon gjennom nettet av rovviltkontaktar er eit tilbod for å underbyggje krava. Ein god dokumentasjonspraksis vil i tillegg vere eit hjelpemiddel i bestandsregistreringane og såleis viktig i forvaltning på lang sikt. Ein kan ut i frå dette trekkje den konklusjon at alle observasjonar relatert til rovvilt er interessante, både kadaverfunn, synsobservasjonar, spor og andre sporteikn.

Rovviltkontaktane har tatt del i eit todagars kurs om rovvilt. Her er gått gjennom dei ulike sporteikna, dyra sin åtferd og dei ulike måtane dei handterer byttedyr. Kursa gjev også fleire døme på feiltolkingar, og ein foreles det ein veit om utbreiing og storleik av dei ulike bestandane. Til sist går ein gjennom metodar for dokumentasjon, dels med praktiske øvingar. Innan kontaktnettet vil det vere sers varierende kor mykje ein får halde kunnskapen ved like, og det er ytra ynskje om repetisjonskurs.

2.3 TILSYNSPROSJEKTET I 1990

I samband med dei skadeproblema ein har hatt med jerv i Dovre/Rondane-regionen finansierte Direktoratet for naturforvaltning i 1990 eit forsøksprosjekt med intensivt tilsyn i to område, respektive Oppdal og Lesja. I begge desse kommunane har ein gjennom fleire år dokumentert tildels store tap av sau til jerv, og prosjektet var eit ledd i utarbeidinga av førebyggjande tiltak. Tilsynet starta 18 juni (Lesja) og 9 juli (Oppdal), og vart avslutta kring 15 september, etter at hovudsankinga var over.

Områda vart oppdelte til delområde med kvart sitt mannskap. Tilsynsaktiviteten vart forsøkt spreidd utover døgeret. I tillegg til å ha oppsyn med sauene, hadde gjetarane også ansvar for registrering og dokumentasjon av kadaver. Dette førte til at det ordinære kontaktnettet i Oppdal og Lesja kommunar hadde mindre enn vanleg å gjere. Tilsynspersonalet gjekk før sesongen gjennom eit opplæringskurs over ein dag, etter same mal som dei ordinære kursa, men der den praktiske delen var utelaten.

Landbrukskontora i dei to kommunane hadde ansvaret for samordninga av tilsynsaktivitetane. Her vart også skjema frå kadaverdokumentasjonen innsamla og oversend koordinator i Trondheim.

Direktoratet for naturforvaltning arrangerte 24-25 oktober 1990 eit møte på Dombås for å gjere opp status av gjennomføring og resultat av prosjektet. Eit eige referat gjer greie for dette (DN).

2.4 INFORMASJON

Det vart i 1990 gjeve ut ei noko omarbeidd utgåve av jervebrosjyra frå 1989. Sidan spreidinga av brosjyra i 1989 i fleire tilfelle stoppa hos dei lokale sau- og geitalslaga, vart den nye utgåva spreidd til alle saueeigarar i de ni kommunane, etter lister frå landbrukskontora. Dei som elles fekk brosjyra var fylkesmennene i dei tre samarbeidsfylka, dei kommunale landbrukskontora og kontaktnettet.

Utanom jervprosjektet har og fylkesmannen i Sør-Trøndelag laga ei brosjyre om rovvilt generelt, med oppfordring om å melde frå, og med

kontaktpersonar frå heile fylket. Målgruppa er folk flest som ferdast i utmark og brosjyra er inntil vidare spreidd gjennom fjellstyra og viltnemndene. Det står igjen å sjå om dette får utslag i fleire meldingar. Dersom målgruppene har motteke, lese og merka seg innhaldet i trykksaken, er det ikkje kjennskapen til rutinene som er dårleg, men motivasjonen til å gjere noko sjøl. Kontaktnettet vart kalla inn til eitt møte i 1990. Det vart halde på Sunndalsøra 21 mars. Utgangspunktet for møtet var å forbetre rutinane i 1990-sesongen etter dei røynslene ein fekk i 1989.

Vidare har koordinator hatt ein møterunde med dei fleste landbrukskontora (dei andre er orientert på annan måte) for å gjere klart kva mål ein har med rovviltforvaltninga, vidare for å orientere om kontaktnettet. Hovudvekta vart lagt på jerv.

3 KADAVERUNDERSØKINGANE

3.1 METODE

Utgangspunktet for metoden er gjeve i Myrberget & Sørensen (1981). Framgangsmåten er her berre kort skildra. Spor og sporteikn ikring eit kadaver er det første ein bør sjå etter. Det er difor viktig ikkje å trakke for mykje rundt når ein gjer eit funn. Dersom ein sjølv ikkje gjer dokumentasjon bør ein dekkje til kadaveret med kvist el.l., for å hindre at åtseletarar får tilgjenge medan ein hentar hjelp.

Blod i ulla kan ofte vere retningsgivande, men for å få oversyn over heile skadebiletet må ein flå kadaveret. På innsida av skinnet og i skrotten kan ein finne merkje etter tenner, klør eller slag, og ein kan sjå om sårar er påførte medan dyret var i live. Vidare må ein merkje seg kva del av kadaveret som er ete på, eventuelt kva knoklar som er brotne. Alle kadaver skal fotograferast, både i nærbilete og i oversynsbilete.

Kvar rovviltart har eit typisk drapsmønster. Difor kan ein ofte peike ut skadevaldar etter skadebiletet. Ofte er imidlertid skadene atypiske, eller rotneprosessen er så langt komen at ein av den grunn ikkje kan finne dødsårsaka. Det er gjeve fire ulike konklusjonar:

Sikker jerv:

Skadebiletet er typisk jerv, med kraftige bittmerkje i nakkeregionen på dyret. Ofte er nakkevirkvlane knuste. Ein kan og finne tydelege tannmerkje som ein kan måle i skinnet.

Sannsynleg jerv:

Skadebiletet og omstenda gjer at ein kan mistenkje jerv, men skadebiletet er ikkje eintydig. Spor i terrenget kan vere nyttige.

Uoppklara:

Skadene og omstenda er fleirtydige, eller kadaveret er av ein slik karakter at ein ikkje kan finne sikre teikn. Uoppklara er og gjeve i dei fleste høve dersom kadaveret ikkje er undersøkt av kyndig personell. Konklusjonen utelet ikkje jerv som skadevaldar.

Annan årsak:

Biletet svarar eintydig saman med andre dødsårsaker, t.d. sjukdom.

Etter evaluering av 1989-sesongen vart ein sams om å lempe på krava til flåing i dei tilfella ein fekk skadeepisodar konsentrerte i rom og tid. De første 4-5 kadavra skulle i alle tilfelle flåast, medan ein for funn utover dette berre trong flå med tanke på dei typiske skadene. Fotodokumentasjon skulle krevjast av alle kadaver. Føresetnaden var som nemnt konsentrasjon av skader i både rom og tid. Dersom ein fekk nye skader ein annan stad eller etter eit avbrekk i tid, skulle ein starte på ny med flåing.

3.2 MATERIALE

Det har tilsaman kome inn 109 meldingar om kadaver som kommunevis fordeler seg slik: Oppdal 12, Rennebu 2, Lesja 37, Dovre 1, Rauma 0, Nesset 2, Sunndal 55, Surnadal 0, Rindal 0 (vedlegg 1).

Det ligg føre fotodokumentasjon frå 76 av desse, tilsvarande 70 %. I 1989 var biletdekninga 90 %. Sjølv om biletkvaliteten er varierende gjev dei fleste bileta inntrykk av at konklusjonen er teken på rett grunnlag. 23 av kadavra er innmelde utan merknad om jerv som skadevaldar, dvs. jerven er mistenkt i 86 tilfelle.

3.3 RESULTAT OG DISKUSJON


Vedlegg 1 gjev eit oversyn over alle kadavra som er innmelde gjennom kontaktnett eller tilsynspersonale. Desse er og kartfesta i figur 1.

Totalt er talet på innmelde kadaver omlag det same som i 1989. 64 av kadavra er dokumentert sikkert eller sannsynleg jervdrept, mot 81 i 1989. Av desse var 6 i Oppdal (37), 41 i Sunndal (6) og 17 i Lesja (37). Tala synte at omfanget av skader i dei tradisjonelle områda i Lesja og Oppdal var noko mindre enn i 1989, medan ein i Sunndal fekk skader av eit heilt nytt format (Bøkseth 1990). Ein antar at endringa kan ha samanhang med kva hi som er aktive, og talet på ungar i hia, men dette er ikkje vitskapleg verifisert. Sanketal frå områda er ikkje klare frå landbrukskontora i skrivande stund, men indikasjonar tyder på same trendens for totale tapstal som for dokumenterte tap til jerv.

Dei to nemnde områda i Lesja og Oppdal hadde stor tilsynsaktivitet i 1990. Ein kan ikkje utelate at dette hadde verknad på tapsomfanget. Derimot må ein rekne som sikkert at funnfrekvensen er auka, og at ein del kadaver er funne tidlegare enn utan tilsyn. At ein relativt stor del av kadavra i Lesja har fått status uoppklara skuldast at tilsynspersonell med hund har funne nedgravne kadaver. Ein kan anta at jerven har grave dei ned, men dødsårsaka let seg ikkje finne. Desse kadavera ville neppe ha vorte funne utan med hund og stor leiteaktivitet.

Også i Oppdal kom det fram at hund var til hjelp under leiting etter kadaver, men det synte seg at ikkje alle hundar reagerte likeeins på kadaverlukta. Dette kan vere eit spørsmål om øving.

I tillegg til dei kadavra som er melde på standardiserte skjema ligg det føre funn av adskillige restar etter kadaver som ikkje er skjemaførde. Dette er stort sett bein- eller ullrestar eller andre fragment av sau utan teikn på at sauene er avliva på funnstaden, og utan noko som helst høve til å finne tilbake til eigaren. Ein del av desse kadavra kan vere frå tidlegare år, men nokre kan og vere frå tidleg same sesong. Desse funna går ikkje inn i materialet.



Figur 1

Funn av sauekadaver i Dovre/Rondane jervuregion 1990. Små symbol representerer berre eitt funn, store symbol representerer fleire enn eitt funn lokalisert på same stad eller innafor eit lite areal. Nummerering svararsaman med plottnr. i vedlegg 1.

I eit notat frå Oppsynet i Trollheimen (L.O.Lund, 14.12.90) kjem det fram at tre område dei siste år har hatt tap utover det ein forventar. Problemet ser ut til å vere avgrensa til små areal. Ein eigar frå Rindal hadde i åra 1986-1990 hatt følgjande utvikling av lammetapa: 2.4 %, 4.6 %, 10.1 %, 17.4 % og 21.3 %. Denne buskapen beita i grenseområda mellom Folldalen og Storlidalen. Eigarar i Storlidalen med sau i same område hadde unormalt store tap i 1989, men truleg ikkje i 1990.

I 1989 var det 15.1 % lammetap i eit område i Romådalen på grensa mellom Rindal og Surnadal. Tidlegare år har tapet vore under 10 %. Andre eigarar i nærliggjande områder har ikkje hatt unormale tap. På sørsida av Svartådalen, lenger aust, har ein eigar i 1990 mist 28.8 % av lamma. Tidlegare har knapt vore tap. På nordsida av dalen har ein ikkje mista sau i 1990.

Ikkje i noke tilfelle er funne kadaver der dødsårsaka har late seg påvise. Mistanke til jerven ligg i lufta, men ut frå dokumentasjonspraksis har ein ikkje grunn for å fastslå dette, sjølv om jerven er påvist i Trollheimen (kap 4.3). Ein bør uansett auke innsatsen for å klargjere tapsårsakene.

3.4 EVALUERING AV SESONGEN

Det vart ikkje halde evalueringsmøte i kontaktnettet etter 1990-sesongen. Det er to årsaker til dette. Først var det ikkje klart kva ein kunne vente av midlar til førebyggjande tiltak følgjande sesong. Difor har ein heller ikkje klart kva type tiltak som eventuelt vil bli iverksett. For det andre vart det på kontaktmøtet i mars gjeve uttrykk for at eitt møte i året er nok. Argumentet for dette var at ein under planleggjinga av komande sesong (vårsmøtet) likevel må gjennom evalueringa. To møte vil difor vere delvis dobbelkøyring. Koordinator har i samråd med viltforvaltarane tenkt å leggje eit nytt møte tidleg i 1991. Då kan også budsjettet vere noko klarare.

Kontaktnettet har etter det koordinator kjenner til ikkje hatt problem med kapasiteten til dokumentasjonsarbeid. Det er likevel klart at den uforutsett store arbeidsmengda i Sunndal gjorde at ein kunne ynskje seg fleire kontaktar der.

I Oppdal og Lesja gjorde tilsynspersonalet det aller meste av dokumentasjonsarbeidet. Kontaktnettet sin kompetanse låg difor uutnytta. Ved ei eventuell oppfølgjing med førebyggjande tiltak bør ein søke å integrere kontaktnettet i prosjektet, slik at kompetansen vert nytta og halde vedlike. Dette gjeld både hovudkontaktar og lokalkontaktar. Eit anna aspekt er kravet til opplæring av nytt personell. Tilsynspersonellet i 1990 fekk gå gjennom eit rovviltkurs, men ein kan ikkje rekne med at dei same personane vert involvert gjennom fleire sesongar på same måte som kontaktnettet. Ressursane forsvinn då ut av systemet.

Økonomisk har styringa på lokalplan fungert bra. Tilsegner vart gjeve på førehand etter estimert arbeidsmengd. I Sunndal vart estimatet noko lågt, og måtte justerast i ettertid. Det kan framleis vere eit problem å få inn rekningane fort nok.

Meldingsrutinene synest å ha fungert noko betre enn i fjor. Koordinator må imidlertid ta sjølvkritikk på at tilbagemelding av dei første kadaverfunna kom noko seint. Dette gjeld melding både til saueigarar og til fylkesmennene i Oppland og Møre og Romsdal. Melding frå

tilsynspersonell kom i enkelte høve noko sein til koordinator. Hovudårsaka til dette var truleg at mannskapet var i felt i lange periodar i strekk, og difor ikkje fekk levert skjema til landbrukskontoret.

Evaluering i plenum vil truleg avdekkje fleire ankepunkt.

4 BESTANDSREGISTRERINGAR

4.1 NINA SIN AKTIVITET

Det vart i 1990 lagt opp til sporingar på same måte som tidlegare. Dårlege vertilhøve gjorde at desse ikkje vart gjennomførte. Grunnlaget for bestandsestimata er difor sporingane frå 1989, i tillegg til observasjonar ved hia i 1990.

Etter omfattande leitingar i 1989 reknar ein med å ha oversyn over dei hilokalitetane som finst i regionen. Det vart funne fire hi, men berre tre av desse var aktive i 1989 (Landa & Skogland 1989). I 1990 var det yngling i det hiet som låg tomt i 1989, medan eit hi i Oppdal, som har vore busett i ei årrekkje stod tomt i 1990. Såleis var det framleis berre tre aktive hi i 1990. Kulla var noko mindre i 1990 enn i 1989 (T. Skogland, pers.medd.).

Landa og Skogland (1989) estimerte den totale vinterbestanden i 1989, siste kull inkludert, til omlag 20. Dette femner i tillegg til kjerneområdet også dei perifere områda i Trollheimen, Oppdal austfjell, Rondane og Skjåk/Ottadalen. Resultata frå 1990 gir ikkje grunnlag for å endre denne konklusjonen, likeeins som NINA/DN sine registreringar sidan 1979 ikkje har gjeve grunnlag for å anta at bestanden har auka.


4.2 OBSERVASJONAR GJENNOM KONTAKTNETTET

Dette materialet femner alle kadaverfunn der jerv er mistenkt som skadevaldar, samt observasjonar av dyr, spor eller sporteikn gjort utanom dette. Det ligg totalt føre 105 meldingar, 86 av desse er kadavermeldingar. I samband med bestandsregistreringar er konklusjonen sannsynleg jerv ikkje nytta (Sørensen & al 1984). Kadaver som etter dokumentasjon er tilbakemeld eigaren med konklusjonen sannsynleg jerv vil her hamne i kategorien uoppklara. Alle meldingane er lista i vedlegg 2 og kartfesta i figur 2.

N.O. Talgø (pers.medd.) gjorde to observasjonar av jerv i Romådalen tidleg i 1990. Han meinte dette var to ulike dyr. Spor vart observert også seinare på vinteren. I november 1989 vart igjen funne spor, og breidda vart målt til omlag 13 cm (fokksnø). Desse observasjonane er ikkje melde gjennom kontaktnettet, men er rekna for å vere sikre.

4.3 DISKUSJON

Det kjem klart fram at dei fleste meldingane, både sikre og uoppklara er gjevne i samband med kadaverfunn (86 stk). Det er ein logisk konsekvens av at innhenting av desse meldingane er sett i system, medan observasjonar av dyr, spor og sporteikn innmeldast tilfeldig. Rett nok medverkar kontaktnettet til meldingar også i område der ein ikkje har påvist skade på bufe, men feltaktiviteten er likevel størst når det er snakk om sau som er drepen. I 1990 er dette biletet ytterlegare forsterka gjennom det utvida tilsynet i Lesja og Oppdal.



Figur 2.

Jervemeldingar som går inn i databasen for bestandsregistreringane. I heilt fylte ruter syner det øvste talet sikre meldingar, det nedste uoppklara meldingar. Sjå elles symbolforklaringa.

- ◊ kadaverfunn
- ◻ dyr sett
- fotspor, hår, ekskrement
- △ anna type observasjon
- sikker (fylte)
- ◐ uoppklara (halvfylte)
- ◑ forkasta (kvartfylte)

Hovudvekta av meldingane ligg innom det sentrale Snøhetta-området, avgrensa av E 69, E 6, Rv. 16 og Eikesdalen/Litjdalen. I vest ligg føre ein sikker observasjon av eit dyr frå fjella mellom Vermevatnet og Ulvådalen. Her er sett jerv også tidlegare, m.a. i 1987, då ein dokumenterte at han tok nokre få sauar (Lucasen & Løfall 1990). Dette vart ikkje dokumentert i 1990, tvert imot var det sers lite sauetap i dette området.

Frå Trollheimen ligg føre fleire sikre og ei uoppklara melding. Tre av desse er verifisert med fotografi. Det er meldingar frå januar, februar, april, mai, august og november. Talet på jervmeldingar frå Trollheimen har klart vorte større i 1989 og 1990 enn i åra før. Om dette speglar ei auke i førekomsten er ikkje klart. Auken kan like gjerne vere ein følgje av at forvaltningssamarbeidet starta i 1989, med lettare tilgang til meldingar. Landa og Skogland (1989) fann berre spor etter eitt individ i Trollheimen vinteren 1989.

Utanfor kartsnittet er det ei melding som truleg skuldast vandring av dyr frå Dovre: Det gjeld melding nr. 89, Kufjellet, i vedlegg 1. Denne er frå fjellområda mellom Soknedal og Budalen, i Midtre Gauldal kommune. Denne meldinga må sjåast i samanheng med dokumenterte skader på sau i grensetraktene mellom Budal og Kvikne.

4.4 FELLINGSLØYVE

Fylkesmennene disponerte også i 1990 eitt fellingsløyve. DN trekte dette attende i den delen av regionen som omfattast av Sunndal kommune. I Lesja vart jakt iverksett utan resultat.

LITTERATUR

- Bøkseth O.K. 1990: Jervforvaltning i Dovre/Rondane-regionen. Årsrapport fra samarbeidsprosjektet mellom fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Oppland. - Rapport 7-1990, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernavd., 18 pp
- Landa, A. & Skogland, T. 1989: Bestandstelling av jerv i Snøhetta og omkringliggende fjell vinteren 1989. - NINA Oppdragsmelding 011, 26 pp
- Lucasen, U. & Løfall, B.P. 1990: Store rovdyr - rovviltskade på bufe, registrering av jerv, bjør, gaupe og ulv og skade freda rovvilt gjer på bufe i Møre og Romsdal 1987-89. - Rapp. 7-1990, Fylkesm. Møre og Romsdal, miljøvernavd.
- Myrberget, S. & Sørensen, O.J. (red.). 1981: Spor og sportegn etter store rovdyr. - Viltrapp. 15.
- Sørensen, O.J., Kvam, T. & Mysterud, I. 1984. Sentral registrering av store rovdyr i Norge. - Viltrapp. 30, 158 pp
- Vaag, A.B. 1986. Landsplan for forvaltning av bjørn, jerv og ulv. - Rapp. 6-1987, Direktoratet for naturforvaltning, Trondheim, 37 pp

VEDLEGG 1

Oversyn over kadaverfunn i Dovre/Rondane jervregion 1990. Alle innmelde kadaver er medtekne, utan omsyn til dødsårsak. Konklusjonar er gjeve ut ifrå metode skildra i kapittel 3.1. Namna svarar saman med NGO sin kartserie M-711, 1:50 000, og er difor ikkje alltid dei same som gjeve på innleverte kadaverskjema.

OPPDAL KOMMUNE

jnr.	kart-plott nr.	skade-dato ca.	art/ alder	UTM	stad	konkl. døds-årsak
KD-90-33	24	22.7	lam	32VNQ209245	Hellaugsetra	jerv
KD-90-34	23	5.8	lam	32VNQ198340	Taskbekken	jerv
KD-90-35	24	6.8	lam	32VNQ201227	Y.Tverråa	jerv
KD-90-36	24	14.8	lam	32VNQ214252	Hellaugsetra	sjøldaud
KD-90-37	23	15.8	lam	32VNQ233366	Kringluthøa	sanns.sjuk
KD-90-90	23	4.9	lam	32VNQ180357	Storhaugen	sanns.jerv
KD-90-118	22	20.9	lam	32VNQ118305	Lindalsvatn	sanns.jerv
KD-90-141	25	25.9	lam	32VNQ305429	Styrvoll	uoppklara
KD-90-142	23	20.7	lam	32VNQ189336	Svartbekken	uoppklara
KD-90-143	23	25.8	søye	32VNQ186347	Øyesetra	sjøldaud
KD-90-144	24	29.8	lam	32VNQ212235	Fr.Åmothytte	jerv
KD-90-145	24	8.9	lam	32VNQ210243	Hellaugsetra	sjøldaud.

RENNEBU KOMMUNE

jnr.	kart-plott nr.	skade-dato ca.	art/ alder	UTM	stad	konkl. døds-årsak
KD-90-64	27	21.8	lam	32VNQ433776	Holtåsen	gaupe
KD-90-83	26	30.8	lam	32VNQ299611	Stenset	sanns.rev

NESSET KOMMUNE

jnr.	kart-plott nr.	skade-dato ca.	art/ alder	UTM	stad	konkl. døds-årsak
KD-90-1	1	12.4	lam	32VMQ558293	Mardalen	sanns.rev
KD-90-110 13*)		20.7	?	32VMQ754154	Piksteinbotn	uoppklara

*) Sauen hørde heime i Lesja, funnstaden heilt på grensa

SUNNDAL KOMMUNE

jnr.	kart-plott nr.	skade-dato ca.	art/ alder	UTM	stad	konkl. døds-årsak
KD-90-51	16	1989	lam	32VMQ889307	Geitåvatnet	uoppklara
KD-90-52	19	7.8	lam	32VMQ948219	Storvollsetr.	jerv
KD-90-53	18	8.8	lam	32VMQ964257	Grøvudalen	jerv
KD-90-54	18	3.8	lam	32VMQ953237	Grøvudalshyt.	jerv
KD-90-55	18	11.8	lam	32VMQ953240	Flysetra	jerv
KD-90-56	19	7.8	lam	32VMQ947224	Storvollsetr.	jerv
KD-90-57	19	6.8	lam	32VMQ949227	Storvollsetr.	jerv
KD-90-58	17	23.5	lam	32VMQ985309	Røymo	uoppklara
KD-90-59	18	2.6	lam	32VMQ961254	Grøvudal	san.sjøld.
KD-90-63	19	24.8	lam	32VMQ95 21	Storvollsetr.	sanns.jerv
KD-90-75	19	ult.aug	lam	32VMQ972199	Grøvu	jerv

KD-90-76	19	ult. aug	lam	32VMQ974196	Grøvu	sanns. jerv
KD-90-78	20	25.8	lam	32VNQ069323	Svarthaugen	sanns. jerv
KD-90-79	21	29.8	lam	32VNQ087336	Skarven	jerv
KD-90-80	21	29.8	søye	32VNQ088339	Skarven	jerv
KD-90-81	21	29.8	lam	32VNQ087335	Skarven	jerv
KD-90-82	21*)	2.9	lam	32VNQ117349	Dugurd målsh.	jerv
KD-90-86	18	1.9	lam	32VMQ961258	Grøvudalen	jerv
KD-90-87	18	1.9	lam	32VMQ961253	Grøvudalen	jerv
KD-90-88	18	2.9	lam	32VMQ962253	Grøvudalen	jerv
KD-90-91	19	6.8	lam	32VMQ977196	Grøvu	uoppklara
KD-90-92	18	7.8	lam	32VMQ963254	Grøvudalen	sanns. jerv
KD-90-93	19	30.8	lam	32VMQ964205	Grøvu	jerv
KD-90-94	19	4.9	lam	32VMQ975194	Grøvu	jerv
KD-90-95	19	25.8	lam	32VMQ975197	Grøvu	sanns. jerv
KD-90-96	19	4.9	lam	32VMQ975194	Grøvu	jerv
KD-90-97	19	31.8	lam	32VMQ967203	Grøvu	jerv
KD-90-98	19**)	3.9	lam	32VMQ966204	Grøvu	jerv
KD-90-99	19	31.8	lam	32VMQ965204	Grøvu	jerv
KD-90-100	19	2.9	lam	32VMQ962205	Grøvu	sprengt
KD-90-101	19	4.9	lam	32VMQ961206	Grøvu	jerv
KD-90-102	19	1.9	lam	32VMQ962207	Grøvu	jerv
KD-90-103	19	22.8	lam	32VMQ961209	Raudbekken	uoppklara
KD-90-104	19	1990	lam	32VMQ951217	Storvollsetr.	uoppklara
KD-90-105	18	30.8	lam	32VMQ952235	Grøvudalshyt.	jerv
KD-90-106	18	30.8	lam	32VMQ953238	Grøvudalshyt.	jerv
KD-90-112	19	2.9	lam	32VMQ956206	Grønlisk. åa	sanns. jerv
KD-90-113	19	1989	?	32VMQ956206	Grønlisk. åa	uoppklara
KD-90-114	19	1989	?	32VMQ956206	Grønlisk. åa	uoppklara
KD-90-115	19	1989	?	32VMQ956206	Grønlisk. åa	uoppklara
KD-90-119	20	21.9	lam	32VNQ035310	Jenstad	sanns. jerv
KD-90-122	20	2.9	søye	32VNQ085351	Gryta	jerv
KD-90-123	20	9.9	søye	32VNQ075364	Gjørasetra	jerv
KD-90-124	21	29.8	søye	32VNQ093353	Grytvatnet	uoppklara
KD-90-125	21	15.9	lam	32VNQ081374	Morka	jerv
KD-90-126	20	15.9	lam	32VNQ063332	Nisjasetra	sanns. jerv
KD-90-127	21	29.8	lam	32VNQ087331	Kvernbekkløf.	jerv
KD-90-128	20	14.9	søye	32VNQ067344	Gravemsetra	sanns. jerv
KD-90-129	21	29.8	søye	32VNQ095371	Storbekken	jerv
KD-90-140	20	1989	lam	32VNQ051322	Fagerdal	sanns. jerv
KD-90-146	20	28.8	?	32VNQ057334	Nisjasetra	uoppklara
KD-90-147	21	28.8	?	32VNQ097357	Grytvatnet	uoppklara
KD-90-148	20	15.9	lam	32VNQ054326	Fagerdal	jerv
KD-90-149	20	15.9	søye	32VNQ078338	Haukåa	jerv
KD-90-165	29	30.5	lam	32VMQ88 55	Innerdal	sanns. rev .

* sauen hørde heime i Oppdal

** sauen hørde heime i Tingvoll

DOVRE KOMMUNE

jnr.	kart-plott nr.	skade-dato ca.	art/alder	UTM	stad	konkl. døds-årsak
KD-90-164	29	4.6	lam	32VNP10 70	Dovreskogen	hundredyr .

LESJA KOMMUNE

jnr.	kart- plott nr.	skade- dato ca.	art/ alder	UTM	stad	konkl. døds- årsak
KD-90-7	11	21.6	lam	32VMQ811074	Geitholet	uoppklara
KD-90-8	14	gml.	lam	32VMP867907	Lyftingsåi	uoppklara
KD-90-9	28	13.7	lam	32VMP754947	Lesjask.vatn	san.sjøld.
KD-90-11	3	jun/jul	lam	32VMQ687023	Skottåi	san.drukn.
KD-90-15	7	5.8	lam	32VMQ758030	Sandåbotn	jerv
KD-90-16	12	20.7	?	32VMQ791095	Tverråi	jerv
KD-90-17	12	27.7	lam	32VMQ803094	Tverråi	sanns.jerv
KD-90-18	12	27.7	lam	32VMQ7 1	Aursjøhøi	uoppklara
KD-90-19	12	24.7	søye	32VMQ776111	Aursjøhøi	mastitis
KD-90-20	12	21.7	lam	32VMQ782106	Tverråi	jerv
KD-90-21	12	22.7	lam	32VMQ787107	Tverråi	uoppklara
KD-90-27	12	13.7	lam	32VMQ814097	Turaren	jerv
KD-90-28	7	7.8	lam	32VMQ783027	Merrabotn	jerv
KD-90-29	12	11.8	lam	32VMQ787104	Tverråi	jerv
KD-90-30	12	11.8	lam	32VMQ78 10	Tverråi	jerv
KD-90-31	12	26.7	?	32VMQ815097	Turaren	uoppklara
KD-90-44	10	11.8	lam	32VMP855993	Kvithøi	sanns.jerv
KD-90-45	12	30.7	?	32VMQ797106	Tverråi	uoppklara
KD-90-46	12	30.7	?	32VMQ799104	Tverråi	uoppklara
KD-90-47	10	17.8	lam	32VMQ849015	Nordre høi	jerv
KD-90-48	7	14.8	lam	32VMQ787029	Vangstind	sanns.jerv
KD-90-49	4	17.8	lam	32VMQ728034	Gråhøi	jerv
KD-90-50	12	30.7	?	32VMQ795105	Tverråi	jerv
KD-90-60	7	7.8	lam	32VMQ765050	Vangshøi	uoppklara
KD-90-69	12	30.7	?	32VMQ774098	Vangstjønna	uoppklara
KD-90-70	12	13.7	?	32VMQ767121	Aursjøhøi	jerv
KD-90-71	9	18.8	lam	32VMQ816053	Isakhaugen	jerv
KD-90-72	5	1989	lam	32VMQ732037	Gråhøi	uoppklara
KD-90-73	2	21.8	lam	32VMQ663067	Svarthøhals.	jerv
KD-90-74	15	1989	lam	32VMP919981	Veslegrovi	uoppklara
KD-90-84	6	gml	?	32VMQ794078	Vangsåi	uoppklara
KD-90-85	12	15.8	lam	32VMQ819103	Turaren	uoppklara
KD-90-107	10	1.9	lam	32VMQ873012	Kvita	jerv
KD-90-108	8	22.8	lam	32VMP796988	Veslbottvatn	uoppklara
KD-90-109	7	20.8	lam	32VMQ780004	Merrabotn	uoppklara
KD-90-111	12	10.8	?	32VMQ778101	Vangstjønna	uoppklara
KD-90-121	10	20.7	lam	32VMQ841032	Ylslii	uoppklara

Vedlegg 2

Jervmeldingar frå Dovre/Rondane jervregion i samsvar med Sørensen et al. (1984). Kolonnennummeret er gjeve øvst. Følgjande kolonner er viktige for å lese tabellen: 11-17:dato (15=årstid), 18-21=kommunenr., 22-33=karttilvising i UTM-koordinatar, 51=type observasjon (5:kadaver, 1:dyr sett, 2:sporavtrykk), 54=konklusjon (1:godteke, 2:uoppklara, 0:forkasta). Namn som i vedlegg 1.

0	1	2	3	4	5
1234567890123456789012345678901234567890123456789					
270090	1	7390	51232V	MP867907	Lyftingsåi 999105202
270090	221	6390	51232V	MQ811074	Geitholet 999105202
270090	3 5	8390	51232V	MQ758030	Sandåbotn 999205211 501
270090	420	7390	51232V	MQ791095	Tverråi 999105211 501
270090	527	7390	51232V	MQ803094	Tverråi 999105212
270090	627	7390	51232V	MQ7 1	Aursjøhøi 999105212
270090	721	7390	51232V	MQ782106	Tverråi 999105211 501
270090	823	7390	51232V	MQ787107	Tverråi 999105212
270090	913	7390	51232V	MQ814097	Turaren 999105211 501
270090	10 7	8390	51232V	MQ783027	Merrabotn 999205211 501
270090	1111	8390	51232V	MQ787104	Tverråi 999105211 501
270090	1211	8390	51232V	MQ78 10	Tverråi 999105211 501
270090	13	7390	51232V	MQ815097	Turaren 999105211 501
270090	1422	7390163432V	NQ209245	Åmotsdalen	999105211 501
270090	15 5	8390163432V	NQ198340	Taskbekken	999105211 501
270090	16 6	8390163432V	NQ201227	Åmotsdalen	999105211 501
270090	1730	7390	51232V	MQ797106	Tverråi 999105202
270090	1830	7390	51232V	MQ799104	Tverråi 999105212
270090	1917	8390	51232V	MQ849015	Nordre høi 999105211 501
270090	2014	8390	51232V	MQ787029	Vangstind 999105212
270090	2117	8390	51232V	MQ728034	Gråhøi 999105211 501
270090	2230	7390	51232V	MQ795105	Tverråi 999105211 501
270090	23	389156332V	MQ889307	Geitåvatn.	001105202
270090	24 7	8390156332V	MQ948219	Storvollse.	002105211 501
270090	25 8	8390156332V	MQ964257	Grøvudalen	002105211 501
270090	26 9	8390156332V	MQ953237	Grøvudalsh.	002105211 501
270090	2711	8390156332V	MQ953240	Flysetra	002105211 501
270090	28 7	8390156332V	MQ947224	Storvollse.	002105211 501
270090	29 6	8390156332V	MQ949227	Storvollse.	002105211 501
270090	30 6	8390	51232V	MQ765050	Vangshøi 999105202
270090	3124	8390156332V	MQ95 21	Grøvudalen	020105312
270090	3230	7390	51232V	MQ774098	Vangstjønna 999105212
270090	3313	7390	51232V	MQ767121	Aursjøhøi 999105211 501
270090	3418	8390	51232V	MQ816053	Isakhaugen 999105211 501
270090	35	390	51232V	MQ732037	Gråhøi 999105202
270090	3621	8390	51232V	MQ663067	Svarthøhals 999105211 501
270090	3722	8390	51232V	MP919981	Veslegrovi 999105202
270090	3831	7390156332V	MQ972199	Grøvu	002105211 501
270090	3931	7390156332V	MQ974196	Grøvu	002105211 501
270090	4025	8390156332V	NQ069323	Svarthaugen	002205212
270090	4129	8390156332V	NQ087336	Skarven	002105211 501
270090	4229	8390156332V	NQ088339	Skarven	002105211 501
270090	4329	8390156332V	NQ087335	Skarven	003105211 501
270090	44 2	9490156332V	NQ117349	Dugurmålsh.	002105211 501
270090	45	7390	51232V	MQ794078	Vangsåi 999105212
270090	4615	8390	51232V	MQ819103	Turaren 999105212
270090	47 1	9490156332V	MQ961258	Grøvudalen	002105211 501
270090	48 1	9490156332V	MQ961253	Grøvudalen	002105211 501
270090	49 2	9490156332V	MQ962253	Grøvudalen	002105211 501
270090	50 6	8390156332V	MQ977196	Grøvu	003105202

0 1 2 3 4 5
12345678901234567890123456789012345678901234567890123456789

270090	51	4	9490163432V	NQ180357	Storhaugfj.	999105212	
270090	52	7	8390156332V	MQ963254	Grøvdalen	002105212	
270090	53	30	8390156332V	MQ964205	Grøvu	002105211	501
270090	54	4	9490156332V	MQ975194	Grøvu	002105211	501
270090	55	25	8390156332V	MQ975197	Grøvu	003105212	
270090	56	31	8390156332V	MQ967203	Grøvu	002105211	501
270090	57	3	9490156332V	MQ966204	Grøvu	002105211	501
270090	58	31	8390156332V	MQ965204	Grøvu	002105211	501
270090	59	3	9490156332V	MQ962205	Grøvu	002105202	
270090	60	4	9490156332V	MQ961206	Grøvu	002105211	501
270090	61	1	9490156332V	MQ962207	Grøvu	002105211	501
270090	62	22	8390156332V	MQ961209	Raudbekken	002105212	
270090	63		8390156332V	MQ951217	Storvollse.	003105202	
270090	64	30	8390156332V	MQ952235	Grøvdalsh.	002105211	501
270090	65	30	8390156332V	MQ953238	Grøvdalsh.	002105211	501
270090	66	1	9490 51232V	MQ873012	Kvita	999105211	501
270090	67		8390 51232V	MP796988	Veslbottva.	999105202	
270090	68	20	8390 51232V	MQ780004	Merrabotn	999105202	
270090	69	20	7390154332V	MQ754154	Piksteinbo.	999212212	
270090	70	10	8390 51232V	MQ778101	Vangstjønna	999105212	
270090	71	3	9450156332V	MQ956206	Grønlišk.	002205211	501
270090	72	20	9490163432V	NQ118305	Lindalsvatn	020105311	501
270090	73	21	9490156332V	NQ035310	Jenstad	003105202	
270090	74	20	7390 51232V	MQ841032	Ylslui	999105202	
270090	75	2	9490156332V	NQ085351	Gryta	003105211	501
270090	76	9	9490156332V	NQ075364	Gjørasetra	002205211	501
270090	77	29	8390156332V	NQ093353	Grytvatnet	002105212	
270090	78	15	9490156332V	NQ081374	Morka	002105211	501
270090	79	15	9490156332V	NQ063332	Nisjasetra	003105212	
270090	80	29	8390156332V	NQ087331	Kvernb.kløf	003105211	501
270090	81	14	9490156332V	NQ067344	Gravemsætra	002105212	
270090	82	29	8390156332V	NQ095371	Storbekken	002105211	501
270090	83		9490156332V	NQ051322	Fagerdal	002105212	
270090	84	15	9490156332V	NQ054326	Fagerdal	002105211	501
270090	85	29	8390163432V	NQ212235	Fr. Åmothyt.	999105211	501
270090	86	15	9490156332V	NQ078338	Haukåa	002105211	501
270090	87	28	8390163432V	NQ13 26	Snøfjellkol	020102211	501
270090	88	21	9490153932V	MQ39 09	Hånådalshg.	003201211	501
270090	89	6	1190164832V	NQ7 65	Kufjellet	002101211	501 *
270090	90	24	1190156632V	MQ996793	Pebua	002102211	501
270090	91	20	1190156632V	MQ988816	Holtasetra	002102211	501
270090	92	4	3290166533V	UK52 84	Litjelva	020101202	*
270090	93	1402190163432V	NQ07 53	Halsbekkdal	020102211	501	
270090	94	2702190156332V	MQ98 48	Ottadalskam.	020102212		
270090	95	1104290156632V	NQ082652	Sollirabben	003102211	501	
270090	96	1305290156632V	NQ07 64	Sollirabben	002101411	501	
270090	97	1506390163432V	NQ255135	Gluptjønn	020101211	501	
270090	98	1606390163432V	NQ04 55	Storbekkhø	020102211	501	
270090	99	8	7390 51232V	MQ778007	Merrabotn	999101011	501
270090	100	24	7390 51232V	MQ764064	Vangshøi	999101011	501
270090	101	1708390 51232V	MP855993	Kvithøi	999101211	501	
270090	102	1	8390156332V	NQ038285	Middagshjel	003101211	501
270090	103	18	8390156632V	NQ156662	Geithetta	002101200	
270090	104		8390163432V	NQ095522	Gråhaugen	002101211	501
270090	105	16	9490154332V	MQ653181	Røyra	020102211	501
270090	106		9490163432V	NQ20 20	Åmotsdalen	002106202	
270090	107	2311490156732V	NQ22 68	Åssetra	003102211	501	

* Disse observasjonane høyrer ikkje under Dovre/Rondane-regionen.

